



**Osterøy kommune**  
Utvikling, samhald, livskvalitet

2019–2021

## Plan for «Den kulturelle skulesekken» i grunnskulen i Osterøy kommune



**Den kulturelle  
skulesekken**

Frå UNESCO-rapporten «The wow-factor» om kunst og kultur i opplæringa. Brukt i St.meld.nr.8, «Kulturell skulesekk for framtida», s 10.

«Estetiske fag har positiv innverknad på born og unge si læring i basisfag. Resultata viser at sjølvtillet hjå born og unge veks i møte med kunst og kultur. Betre sjølvtillet gjev meir positive haldningar til skulen og mindre fråvær. Elevane vert betre til å lese og skrive.»

Undersøkinga er basert på forsking i 60 land, leia av Ann Bamford, professor ved Wimbledon College of Art. Rapporten ser på emnet frå tre perspektiv; kulturelt, utdannings og sosialt. Resultata viser også at dårleg undervising i kunst og kultur kan verka negativt på born og unge sin kreativitet, sjølvtillet, trivsel og læring.

## FØREORD

Den kulturelle skulesekken er eit samarbeidsprosjekt mellom kultur- og opplæringssektoren på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå og omfattar alle skular i Noreg. Fylkeskommunen er ansvarleg for koordineringa regionalt, medan kommunen utviklar sitt eige program lokalt.

Kultur som ein naturleg del av oppveksten til born og unge er eit viktig fokus for Osterøy kommune. I kommunen er den kulturelle skulesekken eit samarbeid mellom grunnskulen, SFO, Osterøy kulturskule og Osterøy bibliotek.

Gjennom den kulturelle skulesekken (DKS), skal elevane og skulane få oppleva, gjera seg kjend med og utvikla god forståing for profesjonell kunst- og kulturuttrykk av alle slag. Tilbodet skal vera av høg kvalitet og visa heile breidda av kulturuttrykk: Scenekunst, visuell kunst, musikk, film, litteratur og kulturarv. Elevane i skulen på Osterøy skal få møta alle desse kulturuttrykka, og skulen er ein viktig aktør for å gjera desse møta meiningsfulle for elevane.

Denne planen gjeld for grunnskulen i Osterøy kommune, og er eit supplement til oppvekstplanen og læreplanen. Planen er todelt, der den eine delen er ein overordna temoplan som handlar om DKS-ordninga generelt samt korleis denne vert organisert i kommunen. Den skal fungera som eit verktøy for skulane i deira planlegging av skuleåret. Temaplanen skal rullerast etter to år eller etter behov. Temaplanen er utarbeidd av styringsgruppa for DKS i kommunen som består av rektor ved kulturskulen, biblioteksjefen, spesialrådgjevar for kultur og oppvekst, to rektorar frå grunnskulen og DKS-koordinator.

Den andre delen er det årlege programmet for den kulturelle skulesekken. Denne vert rullert kvart år. Programmet vert til gjennom planleggingsmøte i styringsgruppa for DKS. Styringsgruppa lyttar til innspel frå skulane i utarbeidinga av programmet. Temaplanen, innspel frå skulane (elevråd, lærarar, kulturkontakten på skulen osv) samt økonomi er med å set rammene for korleis programmet for DKS vert kvart år. Programmet for lokal DKS-satsing for kommande skuleår, vert sendt ut til skulane i slutten av kvart skuleår. På den måten har skulane god tid til å få programmet inn i sine planar.

## **Innhald**

FØREORD .....	1
1. TEMAPLAN OM DKS 2019-2022 .....	3
1.1 BAKGRUNN OG FORANKRING .....	3
Intensjonen med den Kulturelle skulesekken i Osterøy kommune: .....	3
Forankring i oppvekstplanen:.....	3
Samanheng med andre planar og rapportar:.....	3
Mål og prinsipp for Den kulturelle skulesekken:.....	4
Regelverk: .....	5
1.2 ORGANISERING AV ORDNINGA I DAG .....	5
Tilbodet til elevane i grunnskulen i Osterøy kommune: .....	5
Intern organisering i Osterøy kommune: .....	6
1.3 MÅL OG TILTAK FOR PERIODEN 2019-2022 .....	7
ÅRSHJUL 2019-2022 .....	8
2. Program for DKS 2019-2020.....	8

# **1. TEMAPLAN OM DKS 2019-2022**

## **1.1 BAKGRUNN OG FORANKRING**

### **Intensjonen med den Kulturelle skulesekken i Osterøy kommune:**

Tilbodet på skulane skal sjåast i samanheng med skulen sine ynskjer og behov, og medverka til elevane sin refleksjon og forståing kring rausheit og demokratiske prinsipp. Via elevråd og kulturkontakten på den einskilde skulen, skal elevane kunne påverke kva kulturelt tilbod dei ynskjer på skulane. På den måten er elevane med å påverka kva kunstnariske og kulturelle uttrykk som skal medverka til realiseringa av skulen sine læringsmål. **Elevane sine innspel skal takast på alvor i utarbeiding av det årlege programmet.** Alle grunnskulane skal kunne få dei same opplevingane uavhengig av elevmasse og geografisk plassering. Delar av programmet er årlege prosjekt som fremjar samarbeid mellom institusjonar, og ein skal arbeide for å utvikla desse prosjekta slik at dei heldt seg aktuelle for framtida. Kulturskulen sitt vårprosjekt der elevane deltek på ulike verkstadar med kreativt skapande arbeid er eit døme på dette, resultatet er ei stor førestilling alle elevane i grunnskulen får oppleve. Førestillinga «Livet i gamledagar» på Osterøy museum er eit anna døme. Utvikling og kontinuitet er viktige målsettingar i det langsiktige arbeidet med Den kulturelle skulesekken.

### **Forankring i oppvekstplanen:**

Den Kulturelle skulesekken i Osterøy kommune søker å medverka til realisering av måla i kommunen sin oppvekstplan. Døme på desse måla er: «**Ta born og unge si stemme på alvor**», «**framtidsretta læring**», samt å inspirera elevane til kritisk tenking.

### **Samanheng med andre planar og rapportar:**

I tillegg til oppvekstplanen, vil DKS- Osterøy arbeida for å sjå tilbodet i Den kulturelle skulesekken i samanheng med skulen sine læreplanar. Dette for å skapa relevans kring tilbodet i DKS og det elevane opplev i skulekvardagen. Tette band mellom styringsgruppa for DKS og den einskilde skulen er difor avgjerande for å få til eit godt tilbod. Ein miks i tilbodet mellom kreative verkstadar og reine opplevingar/oppvisningar er difor eit mål i utarbeiding av program. På den måten kan ein møte læreplanen sine mål om «dybdelæring» innan visse emne gjennom verkstadar, og samtidig tilby reine kulturopplevingar. Verkstadar er ofte dyrare produksjonar, og ein lyt prioritera verkstadar som gjev elevane ei god forståing av innhaldet og har høg kvalitet. Dette kan ein sjå i samanheng med dei overordna måla og prinsippa for Den kulturelle skulesekken nasjonalt.

## Mål og prinsipp for Den kulturelle skulesekken:

I tråd med St.meld. nr 38 (2002-2003) *Den kulturelle skulesekken* og St.meld. nr.8 (2007-2008)

### Kulturell skulesekk for framtida er måla:

- Å medverka til at elevane i skulen får eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod.
- Å legge til rette for at elevar i skulen skal få tilgang til , gjera seg kjend med og utvikla forståing for kunst- og kulturuttrykk av alle slag.
- Å medverka til å utvikla ein heilsakapleg innlemming av kunstnariske og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål.

### Den kulturelle skulesekken skal utformast og vurderast ut frå følgjande prinsipp:

- **Varig ordning:** Den kulturelle skulesekken skal vera ei varig ordning for elevar i skulen.
- **For alle elvar:** Den kulturelle skulesekken skal femne om alle elevar i grunnskuleopplæringa, uavhengig av kva skule dei går på og kva bakgrunn dei har.
- **Realisera mål i læreplanverket:** Innhaldet i kunst- og kulturtilbodet i Den kulturelle skulesekken skal medverka til å realisera skulen sine mål slik dei kjem til uttrykk i den overordna delen i læreplanverket og dei ulike læreplanane.
- **Høg kvalitet:** Elevane skal møte profesjonelle kunst- og kulturtilbod med høg kunstnarleg kvalitet.
- **Kulturelt mangfold:** Den kulturelle skulesekken skal omfatta ulike kunst- og kulturuttrykk med røter i eit mangfold av kulturar og frå ulike tidsperiodar.
- **Bredde:** Både musikk, scenekunst, visuell kunst, film, litteratur og kulturarv skal vera representert i Den kulturelle skulesekken. Det skal vera variasjon i formidlingsmåtane.
- **Regularitet:** Elevane skal sikrast eit regelmessig tilbod på alle klassetrinn.
- **Samarbeid kultur - skule:** Arbeidet med Den kulturelle skulesekken skal skje i eit godt samarbeid mellom kultur- og opplæringssektoren på alle nivå. Det skal sikrast god forankring og tid til planlegging i skulen.
- **Rollefordeling kultur - skule:** Opplæringssektoren har ansvaret for å førebu elevane, og kultursektoren har ansvaret for kvalitet i produksjonane som vert tilbydd i Den kulturelle skulesekken og for å informera om innhaldet i god tid.
- **Lokal forankring og eigarskap:** Den Kulturelle skulesekken må forankrast lokalt , i den einskilde skulen, kommunen og fylket. Dette sikrar entusiasme og gjev rom for mange lokale variantar, slik at alle skal kunne kjenne eigarskap til Den kulturelle skulesekken.



Osterøy Museum, arena for den nye satsinga «Livet i gamledagar» for 4. klasse. Foto: Osterøy Museum

## **Regelverk:**

Følgjande lovar og overordna styringsdokument gjev, mellom anna, føringar for utforminga av Den kulturelle skulesekken i kommunen:

- St.meld. nr.8 (2007-2008) Kulturell skulesekk for framtida
- Notat (2008): Arbeidsdeling og forankring - Den kulturelle skulesekken i to sektorar (kortversjon)
- Skapande læring – Strategiplan for kunst og kultur i opplæringa
- St.meld. nr.38 (2002-2003) – Den kulturelle skulesekken
- St.meld. nr.30 (2003-2004) - Kultur for læring
- Læreplanen – overordna del
- Mandat for ny nasjonal eining for Den kulturelle skulesekken

## **1.2 ORGANISERING AV ORDNINGA I DAG**

### **Tilbodet til elevane i grunnskulen i Osterøy kommune:**

Det er i dag fem offentlege skular på Osterøy, fire barneskular og ein ungdomskule. I tillegg har kommunen fire friskular beståande av tre barneskular og ein ungdomskule. Til saman utgjer det ein total elevmasse på kring 1000 elevar.

Den kulturelle skulesekken er eit samarbeid mellom kultur- og opplæringssektoren på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå, og omfattar alle skular i Noreg. I 2016 vart ordninga slått i saman med mellom anna «Musikk i skulen» og fekk namnet «Kulturtanken». Kulturtanken har det nasjonale ansvaret for ordninga. Fylkeskommunen er ansvarleg for koordinering regionalt, medan kommunen utviklar sitt eige program lokalt. Les meir om Kulturtanken her: [www.kulturtanken.no](http://www.kulturtanken.no).

Midlane til Den kulturelle skulesekken vert fordelt av Kulturdepartementet via Kulturtanken til fylkeskommunane og kommunane etter ein fordelingsnøkkel som tek omsyn til geografi, demografi og infrastruktur. Ein tredjedel av midlane går direkte til kommunane, ein tredjedel vert forvalta av fylkeskommunen, og den siste tredjedelen er fri til å fordelast av fylkeskommunen. Som kunstnar kan ein i Hordaland söke direkte om å få utvikla og sette opp ein produksjon i samarbeid med fylkeskommunen.

Hordaland fylkeskommune lagar kvart år program for DKS med førestillingar som vert sett opp på skulane i fylket. Osterøy kommune tek kvart år i mot fleire førestillingar i regi av fylkeskommunen. Les meir om Den kulturelle skulesekken og programmet regionalt her: <http://hordaland.ksys.no/>.

Den lokale potten med midlar til Den kulturelle skulesekken vert brukt til å setje opp eit program lokalt på Osterøy, samt til produksjon av nye førestillingar. DKS-Osterøy har sidan 2010 hatt eit godt samarbeid med Osterøy bibliotek der DKS-Osterøy og biblioteket deler kostandane likt til DKS-oppsettingar i regi av biblioteket. DKS-Osterøy samarbeider også med kulturskulen for å realisera musical om våren, der elevane i kulturskulen får samarbeide med profesjonelle aktørar i prosessen med å skapa musicalen. Musicalen vert vist for alle elevane i grunnskulen på Osterøy. Målet med denne planen er å strukturere dette arbeidet og på den måten også synleggjera alt det gode arbeidet som vert gjort med DKS på Osterøy.

Under møtet i styringsgruppa for DKS 21.05.19, vart det vedteke å gjennomføre ei satsing over 3 år på oppsettingar lokalt i kommunen. Nye satsingar i tillegg til eksisterande tilbod vert; «Livet i gamledagar» for 4. klasse i samarbeid mellom biblioteket og Osterøy museum, samt oppsetting på Herlandsfossen Kraftpark for 8. klasse.

### **Intern organisering i Osterøy kommune:**

Osterøy kommune har nedsett ei styringsgruppe som arbeider med å organisera Den kulturelle skulesekken lokalt. I denne gruppa sitt rektor ved kulturskulen, biblioteksjefen, spesialrådgjevar for kultur og oppvekst, to rektorar frå grunnskulen og DKS-koordinator. Kulturkontakten på den einskilde skule er bindeledd mellom kunstnar, skule og DKS-koordinator.



Herlandsfossen kraftverk. Arena for ny DKS-oppsetting for 8. klasse. Foto: BKK

## 1.3 MÅL OG TILTAK FOR PERIODEN 2019-2022

Mål	Tiltak
Å medverka til at elevar i skulen får eit profesjonelt kunst- og kulturtildot.	Kultur og oppvekstsektoren i kommunen samarbeider om å organisera Den kulturelle skulesekken i kommunen.
Å sikra kvaliteten på produksjonane i Den kulturelle skulesekken.	
Å legga til rette for at elevar i skulen skal få tilgang til, gjera seg kjent med og utvikla forståing for kunst- og kulturuttrykk av alle slag.	Den Kulturelle skulesekken i Hordaland fylkeskommune tilbyr og sender ut profesjonelle aktørar som tilbyr opplevingar/produksjonar innan dei ulike kulturuttrykka. Kommunen supplerer dette tilbodet med eige program.
Medverka til å utvikla ein heilskapleg innlemming av kunstnariske og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål.	Skulen sine kulturkontaktar og lærarar førebud elevane til møte med kunsten og viser samanhengen mellom kunsten og realiseringa i skulen sine læringsmål.

**Oppgåver knytt til dei ulike rollene:**

Rolle	Oppgåve
Styringsgruppe	Møter minst to gongar i året, eller etter behov. Planlegg og organiserer Den kulturelle skulesekken i Osterøy kommune
DKS-koordinator	Innkallar til møte i styringsgruppa. Innkallar og arrangerer møter med kulturkontaktane på skulane ved behov. Planlegg, budsjetterer og rapporterer bruken av midlane frå Den kulturelle skulesekken lokalt. Oppfølging av arbeidsavtalar med kunstnarar som er hyra inn. Er bindeledd mellom kunstnarar og skulane som skal ha besøk. Opplæring av kulturkontaktar.
Kulturkontakte	Har ansvar for at kunstformidlar vert godt motteken på skulen. Er bindeledd mellom DKS-koordinator og den aktuelle skulen. Vidareformidlar korleis besøket har vore til DKS-koordinator og har også ansvar for å ta imot kritikk og innspel frå elevar til innhaldet i DKS.

## ÅRSHJUL 2019-2022

Årshjuloversikt over dei forskjellige aktivitetane i lokal DKS-plan for bruk i planlegging av skuleåret dei neste tre åra. Eksakte datoar for dei ulike aktivitetane vil variere litt frå år til år og vert planlagt i god tid. Detaljert program for neste skuleår vert sendt ut til skulane før sommarferien kvart år.

MÅNAD	Aktivitet	Ansvar	Årstrinn	Tema	Merknadar
August					
September	Livet i gamledagar	Biblioteket, museet	4	Kulturarv	
Oktober	Bokbussturne	Biblioteket	5-7	Litteratur, scenekunst	
November					
Desember					
Januar	Ordfabrikken	Biblioteket	1	Litteratur, scenekunst	
	Me går i studio	Kulturskulen	7	Musikk	Fotlandsvåg, Lonevåg
Februar	Musikal	Kulturskulen	Alle	Musikk, visuell kunst, scenekunst	
Mars	Les for livet	Biblioteket	5	Litteratur	
	Me går i studio	Kulturskulen	7	Musikk	Haus, Valestrand
April	Bokbussturne		1-4	Litteratur, scenekunst	
	Herlandsfossen kraftpark		8	Kulturarv	Ikkje avklart
Mai					
Juni					
Juli					

## 2. Program for DKS 2019-2020

Detaljert program for kommande skuleår vert sendt ut som eige dokument til alle skulane i slutten av skuleåret. Sjå årshjulet over for ein oversikt over ca. tider for gjennomføring av aktivitetar.